



Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	19.05.22 Kl. 13:00
Møtestad:	BUP Voss/Teams
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Gunnlaug Lekve (Ulvik), Elise Rognsvåg (Kvam), Katrine Hesjedal-Johannessen (Vaksdal), Bridget Penny (brukarrepresentant), Rita Høvset (Eidfjord), Sveinung Hellesen Nygård(Voss), June Eide Vik (Vaksdal), Marianne Røynesdal (BUP Voss) og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Kjell R. Stien (Voss) og Ruth Helene Garmann (BUP Voss)
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
5/22	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
6/22	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner referatet.	V		
7/22	Aktuelt frå medlemmane i underutvalet Kvam: <ul style="list-style-type: none">«Se barnet innenfra». To barnehagar har fått opplæring av PP-rådgjevarar. Vidare skal ein barnehage få opplæring per halvår. Foreldre får opplæring frå familiesenteret.	O		

	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med Autismeteamet for å auke kompetansen hjå dei som arbeidar med autismeborn. • Barneverntenesta har tilsett to menn som startar til hausten. • Arbeider med å rekruttere nye fastlegar. Ikkje fått nokon enno. • Ein ny familierettleiar på familiesenteret. 2 er i permisjon. • Arbeid med skulevegringsaker tek mykje tid. • Kompetanseløft spesialpedagogikk PPT. Er i kartleggingsfase. • Flyktningar kjem – usikkert kor mange. Det er tilsett fleire i flyktningetenesta. <p>Eidfjord:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det har kome ukrainske flyktningar til Eidfjord. To av dei er born. Vil koma fleire. Totalt har Eidfjord sagt ja til å ta imot 30 flyktningar i løpet av 2022. • BTI er i startfasen. • Det vert arbeida med organisasjonsutvikling blant leiinga. • Fastlegekrisa: Eidfjord skal ha 300% stilling fastlege. Det er for tida 150% stilling. Håp om betring etter sommaren. <p>Ulvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rekrutteringsplan når det gjeld helsesjukepleiar. • Ulvik har sagt ja til 25 flyktningar. Dei har starta å kome. Nokon av dei er born i skulealder. • Stabilt på legekontoret. • Det er tilsett miljøarbeidar innan rus og psykiatri. Psykiatrisk sjukepleiar er i permisjon. • Samarbeid med BUP. • Samarbeid med Eidfjord om å utdanna ICDP-rettleiarar. • Stafettlogg BTI-modell. • Skal vere informasjonsmøte om «God start» i skulen. • Produksjonsskulen har 26 elevar. Det er mange av dei som treng hjelp med si psykiske helse. Personale på skulen har behov for rettleiing. Viktig med godt samarbeid om elevane. <p>Voss:</p>			
--	--	--	--	--

- At tenestene no er samla i Knutepunktet gjer det lettare å samarbeide, sjølv om det er litt nytt å setje seg inn i etter flytteprosessen.
- Kommunepsykologane har det travelt med mange tilvisingar. Er tilsett ny kommunepsykolog som kjem i august og dei vil då vera 3 heile stillingar.
- PPT manglar fortsatt leiar. Stillinga er lyst ut på nytt. Det er lang ventetid hjå PPT.
- Det er oppretta ei ny psykologstilling der 50% er for kommunen og 50% Vestland Fylkeskommune for dei vidaregåande skulane på Voss.
- Plan for sjølvmondsførebygging – samarbeid med Eidfjord.
- Behov for å oppdatere plan for skulevegring.

Vaksdal:

- Har vore ein del sjukefråvær blant tilsette, som har ført til at prosjekt har blitt utsett.
- Barnevernet har gått over til samarbeid med Osterøy. Tidlegare leiar i Vaksdal barnevernteneste er no leiar for heile barneverntenesta.
- PPT har mange tilvisingar. Stor del med ADHD og utagerande åtferd.
- Samarbeid med BUP.
- Har sagt ja til å ta imot 35 flyktningar. Fire har kome. Av dei er det eit barn på 1,5 år.

Brukarrepresentant:

- Skulevegring: Viktig med tett tverrfagleg samarbeid og å fange opp tidleg. Alternativ til den kommunale ungdomsskulen har vore tema i det siste.
- Overgang frå barn til vaksen kan vere vanskeleg.
- BPA.
- Samhandling mellom pårørande og tenestene.

BUP:

- Mange tilvisingar. Stort arbeidspress. Mykje nevrosaker og ungdomar som har det vanskeleg med mellom anna tung depresjon.
- Har fortsatt ledig ei psykologstilling.
- 50% stilling som musikkterapeut er lyst ut.
- Har mange pasientar i omløp. Nokon av desse burde vore avslutta på BUP, men kommunane manglar ressursar til å ta i mot dei.

	<p>Helse Bergen og BUP er klar for å ta i mot flyktningar, men det er viktig at kommunane syter for tryggleik i form av bustad og så vidare. Det er ikkje slik at ein automatisk skal tilvise til BUP. Eit alternativ kan vere nettbehandling på eige språk frå heimlandet. Sjå Helse Bergen si heimeside for informasjon: Forside - Helse Bergen (helsebergen.no)</p>			
8/22	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> • ADHD-Norge skal ha villmarkscamp på Voss for ungdommar 14 til 20 år. Er gratis for medlemar og det er lett å melde seg inn. Frist 01.06. for å melde seg på. Sjå heimesida deira for informasjon: Villmarkscamp for unge mellom 14 og 20 år (adhdnorge.no) • Røde Kors skal også ha sommarleir, mellom anna i Jondal. • Vidare møteplan for underutvalet: Dei neste møta i underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert torsdag 08.09.22 kl. 13:00 til 15:00 på BUP og torsdag 24.11.22 kl. 13 til 15 på BUP. 	O		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 08.09.22 kl. 13:00** på BUP Voss.

Ber om at medlemmene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.